



ULEFOSS ROTARY KLUBB

REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
23. november	2017	Liv Sonja Flolid

Desse møtte: Øystein, Olav Gaute, Per S, Asbjørn, Irene, Nils, Kolbjørn, Einar, Knut, Svein Tore og Liv Sonja.

Då Ola Vea var på sjukehuset, vart møtet leida av Irene (innkomande). Kveldens foredragshaldar va Heidi Hamadi frå Telemark Fylkeskommune, avdeling Helse. 3-minutteren denne kvelden var ved Olav Gaute.

Det er med sorg og respekt me kunngjer at vårt seniormedlem og æresmedlem Diderik Cappelen avgjekk ved døden denne morgonen, 23. november. Våre tankar går til dei etterlatne, og vi lyser fred over minnet hans.

Våre prosedyrar ved slike hendingar vert ivaretekne av styret i klubben.

Kva skjedde så på denne datoen elles opp gjennom historia?

- 23.11 har på Primstaven fått tilnamnet Båtsokk. Dette for å minne oss om at om vatnet frys til, så kan du risikere at båten søkk...
- 23.11. 1970 døydde Alf Prøysen
- 23.11.1978 vart stemmerettsalderen seinka frå 21 til 18 år.

Per S har bursdag den 24.11 og Olav Gaute den 2.12.

3-minutter v/Olav Gaute om Glacier-ekspressen i Sveits. Denne reisa gjennom heile landet, kan kallast Sveits si hurtigrute. Turen tek heile dagen, og er inklusiv 3-retters middag avec, til ca. 1600 – 1700 kroner. Ein uforgløyemeleg tur, som Olav Gaute anbefaler folket!

Heidi Hamadi, rådgivar på Team folkehelse, idrett og friluftsliv, Telemark fylkeskommune, Heidi Hamadi:

Om utfordringer og tiltak i Folkehelsa i Telemark.

Hamadi la fram forslaget planen om Regional plan for folkehelse i Telemark 2018-2030, og fortalte om arbeidet med denne. Planen er no ute på høyring, og fristen for å levere uttale er sett til 15. desember. Den skal opp til politisk behandling i dette året.

- **Folkehelse** er eit samleomgrep som beskriv innbyggjarane sin helsetilstand, og korleis helse fordeler seg blant dei.
- **Folkehelsearbeid** handlar om samfunnet sin samla innsats for å oppretthalda, betra og fremma innbyggjarane si helse gjennom å svekka faktorar som inneber helseisiko, og styrka dei faktorane som bidreg til betre helse.

Planen foreslår fire satsingsområde for å møte folkehelseutfordringane i fylket:

1. **Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid.**
2. **Helsefremmande oppvekst.**
3. **Helsefremmande voksenliv.**
4. **Samfunnsutvikling for ein aktiv alderdom.**

For den som vil lese heile planforslaget, og eventuelt levere ein uttale: Gå inn på fylket si heimeside: www.telemark.no/folkehelse.

Folkehelse = Livskvalitet = Tilfredshet med tilværet

Heidi Hamadi refererte til innbyggjarundersøking frå Nome kommune om folkehelse. Her viser eg til noko av det som er kome fram: **Nome har**

- Fleire i aldersgruppa 45+ enn landsgjennomsnittet.
- Fleire vaksne einslege enn landsgjennomsnittet.
- Fleire born i fattige familiar enn landsgjennomsnittet.
- Signifikant høgare tal uføre enn gjennomsnittet i landet.
- Høgare tal u-skoleelevar som er «inaktive», dvs. ikkje deltek i organisert aktivitet, enn landsgjennomsnittet.
- Høgare antibiotikabruk enn landsgjennomsnittet.

MEN: Nome har

- Høg trivsel i skolen!
- Mindre mobbing!
- Dei unge er aktive i frivillige organisasjonar!
- Lågare inntektsulikskap i Nome enn gjennomsnittet!
- Høgare levealder i Nome enn i resten av Telemark!

Olav Gaute vann vinen, og Knut fekk nappet for tredje gong!

Folkehelse i Telemark, utfordringer og tiltak. Rådgiver på Team folkehelse, idrett og friluftsliv, Telemark fylkeskommune, Heidi Hamadi